



Kva visjoner og framtidstankar har vi for bygda - her sett frå Såto på Englafjell? (Foto: Sveinung M. Pile)

Måndag blir det nytt møte i Dialogforumet til Uskedalen Utvikling. Då vil framtida vår stå i fokus i Gamleskulen - under overskrifta 'Uskedalen 2020 - fornying og utvikling'. Spørsmålet som stillast er: Kva visjonar og framtidstankar har vi for bygda?

- På denne samlinga skal vi sjå framover og drøfta korleis vi vil at Uskedalen skal utviklast fram mot 2020, seier prosjektleiar Kristian Bringedal, som held fram:

- Kva skal med andre ord til for at bygda vår er ein god stad å vera 20-30 år fram i tida?

Ikkje minst vil mykje av møtet sikkert dreia seg om sentralisering og urbanisering. Med meir av dette - kva må gjerast for å hindra at Uskedalen

vert ei 'sovebygd' der all handel, kulturaktivitetar og arbeid er på Husnes og i meir sentrale strok?

Stikkord her er arealbruk, oppvekstkår, bumiljø, næring, friluftsliv, kultur og trivsel.

- Og kven skal i aksjon som innleiarar?

- Planleggjar i kommunen Kjartan Thoresen vil orientera om vedteken kommunedelplan for Uskedalen og om utfordringar og grunnlag for revisjon av denne.

Frå lokalt hald vil Bjørn Olav Tveit og Bjarte Døssland ta for seg bumiljø, oppvekstkår, natur og friluftsliv, opplyser Bringedal, som vonar at mange kjem og seier si meining om framtida vår.